

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 15.03.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Administrerende direktør Jon Bolstad  
**SAKA GJELD:** **Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2018**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 007/18

**STYREMØTE:** 22.03.2017

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2018.

## Oppsummering

Etter felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året. Med bakgrunn i brev frå Helse Vest (Vedlegg 1), risikostyringsmål for 2017 og det overordna risikobilete ved inngangen til 2018 (Vedlegg 2) føreslær administrasjonen fire styringsmål med tilhøyrande delmål for 2018.

## Fakta

Styret i Helse Vest vedtok i styremøte den 14. desember 2017 (Sak 125/17) 4 overordna risiko styringsmål med tilhøyrande delmål gjeldande for sjukehusføretaka i regionen.

I brev av 14.12.2017 frå Helse Vest RHF til Sjukehusapoteka Vest går det fram at styringsmål 3 (HMS er ein sjølvsgatt del av arbeidsdagen) skal vidareførast frå 2017 og at dette skal gjelde for Sjukhusapoteka Vest. I same brevet går fram at det i styremøte i Helse Vest den 10. november 2017 vart vedteke at SAV skal gjere ei risikovurdering knytt til at medisinalar ikkje går tom for nødvendige medisinar. SAV er bedne om å ha eit styringsmål om at legemiddellager skal ikkje gå tom for nødvendige medisinar. Innanfor dette styringsmålet definere SAV sjølv verksemdspesifikke delmål. Ut over dette peika ikkje Helse Vest ut styringsmål for SAV.

SAV har for 2018 vald å vidareføre tre av styringsmåla frå 2017. Vedlegg 2 til saka gjev ei oversikt over styringsmåla for 2017 og overordna risikobilete gjennom 2017 samt forslag til nye styringsmål for 2018.

Styringsmål 1 er vidareført i samsvar med styringsmålet i Helse Vest om at talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast. For SAV har formulert delmåla inn mot legemiddelrelaterte skadar for å understreke SAV si rolle som verktøy for Helse Vest i reduksjon av skader knytt til legemiddel. Ein føreslær å vidareføre to av delmåla. Delmål knytt til ledemiddeltryggleiksprosjektet går ut då dette prosjektet er avslutta i 2017. Eit nytt delmål er teke inn om legemiddelsamstemming.

Styringsmål 2 om at SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen er og føreslege vidareført. Styringsmålet er i samsvar med krav i styringsdokument for publikumsområdet. Sjølv om resultatane er betra i 2017 er målet stadig ei utfordring for SAV. For dette styringsmålet vidarefører ein dei same delmåla om avklaring om nasjonal strategi innan publikumsdrifta, delmål om at SAV har etablert kultur for meirsal og god forretningsdrift, delmål knytt til vidare utvikling av vareutval og systematisk marknadsarbeid og profilering av utsala. Dette er delmål som samsvarar med publikumsprosjektet.

Det siste delmålet som ein ynskjer å vidareføre er styringsmål 4 som er i samsvar med Helse Vest sitt ynskje om at alle føretaka i regionene har styringsmål om at HMS er ein sjølvsgatt del av arbeidsdagen. For dette styringsmålet har ein valt å ha same delmåla som andre føretak i regionen då ein ser at disse er relevante og for SAV.

I brev frå Helse Vest (Vedlegg 1) har SAV fått eit nytt styringsmål knytt til at lager ikkje skal gå tom for nødvendige medisinar. Styringsmålet er teke inn i forslaget som styringsmål 3. For dette styringsmålet skal SAV sjølv definere delmål. Administrasjonen føreslær tre nye delmål

knytt til 1) samarbeid med sjukehusa om samordning av legemiddelberedskapen i regionen, 2) samarbeid med Mangelsenteret ved OuS, grossist og Sykehusinnkjøp om tiltak ved mangelsituasjonar og beredskap knytt til og 3) SAV sitt bidrag for sikre effektivflyt og god styring av legemiddelkjeda frå grossist, via sjukehusapoteket til eining i sjukehusa.

Når styringsmål med delmål er fastsett vil SAV utføre risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde. Styret vil få rapportering på risikostyring i mai (T1 2018), oktober (T2 2018) og fyrste styremøte i 2019 (T3 2018). Ved årsslutt vil det som ein del av Årleg melding verte utarbeidd ei oppsummering av risikobildet for året.

For 2018 er det frå administrasjonen føreslege følgjande risikostyringsmål med delmål:

	Styringsmål	Delmål
1	Talet på legemiddelrelaterte skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018	1.1 SAV bidreg til trygg bruk av legemiddel i heile pasientlaupet 1.2 SAV tek del i og sikrar oppslutning, engasjement og gode prosessar kring arbeidet med kurve og journalløysing. 1.3 SAV bidreg til auke i pasientar som får gjennomført legemiddel-samstemming, med fokus på risiko- legemiddel og indikatorar
2	SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen	2.1 SAV bidreg aktivt til avklaring av strategiske tiltak for publikumsutsal i sjukehusapotek i Norge 2.2 SAV utviklar vareutval og tenester tilpassa pasientgrupper i dei kvart av sjukehusa i samarbeid med sjukehusføretaka 2.3 SAV gjennomfører systematisk marknadsføring og profilering av utsala etter avtale med sjukehusføretaka. 2.4 SAV har etablert kultur for omsorgssal og god forretningsdrift.
3	Legemiddellager skal ikkje gå tom for nødvendige medisinar	3.1 SAV tek i samarbeid med sjukehusa og myndigheter ansvar for å samordne legemiddelberedskapen i regionen. 3.2 SAV samarbeider med Mangelsenteret ved OuS, legemiddelgrossist og Sykehusinnkjøp HF om tiltak ved mangelsituasjonar og legemiddelberedskap. 3.2 SAV bidreg i arbeidet med goderutinar, effektiv flyt, automatisering og god styring i legemiddelkjeda frå ende til ende (frå grossist via sjukehusapotek til eining i sjukehusa).
4	HMS er ein sjølvstøtt del av arbeidsdagen.	4.1 HMS-strategi for føretaksgruppa Helse Vest er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk. 4.2 Det blir lagt til rette for og utvikla ein god meldekultur der meldesystem for tilsetteskadar og uønska hendingar, vald og truslar mot tilsette er kjent for alle leiarar og medarbeidarar. 4.3 Talet på tilsetteskadar er redusert.